

## Kartlegging av biologisk mangfold i setergrendene Nedre Reindøl, Reindølsætrin og Svartdalsætrin i Lesja kommune

Per Jordhøy og Anders Often



## **NINAs publikasjoner**

### **NINA Rapport**

Dette er en elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

### **NINA Temahefte**

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og serien favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

### **NINA Fakta**

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

### **Annen publisering**

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.

# Kartlegging av biologisk mangfold i setergrendene Nedre Reindøl, Reindølsætrin og Svartdalsætrin i Lesja kommune

Per Jordhøy og Anders Often

Jordhøy, P. & Often, A. 2015. Kartlegging av biologisk mangfold i setergrendene Nedre Reindøl, Reindølsætrin og Svartdalsætrin i Lesja kommune. - NINA Rapport 1188. 25 s.+ vedlegg

Trondheim, 20.10.2015

ISSN: 1504-3312

ISBN: 978-82-426-2816-9

#### RETTIGHETSHAVER

© Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

#### TILGJENGELIGHET

Open

#### PUBLISERINGSTYPE

Digitalt dokument (pdf)

#### KVALITETSSIKRET AV

Inga E. Bruteig

#### ANSVARLIG SIGNATUR

Forskingssjef Inga E. Bruteig (sign.)

#### OPPDRAKSGIVER(E)/BIDRAGSYTER(E)

Lesja kommune

#### KONTAKTPERSON(ER) HOS

#### OPPDRAKSGIVER/BIDRAGSYTER

Marit Svanborg/Elise Lyftingsmo

#### FORSIDEBILDE

Naturbeitemark på Nedre Reindøl. Foto: Per Jordhøy, NINA

Alle fotos elles: Per Jordhøy

#### NØKKEWORD

- Lesja kommune, Oppland fylke
- Flora, naturbeitemark
- Kartlegging av biologisk mangfold

#### KONTAKTOPPLYSNINGER

##### **NINA hovedkontor**

Postboks 5685 Sluppen  
7485 Trondheim  
Telefon: 73 80 14 00

##### **NINA Oslo**

Gaustadalléen 21  
0349 Oslo  
Telefon: 73 80 14 00

##### **NINA Tromsø**

Framsenteret  
9296 Tromsø  
Telefon: 77 75 04 00

##### **NINA Lillehammer**

Fakkeltgården  
2624 Lillehammer  
Telefon: 73 80 14 00

[www.nina.no](http://www.nina.no)

---

## Samandrag

Jordhøy, P. & Often, A. 2015. Kartlegging av biologisk mangfald i setergrendene Nedre Reindøl, Reindølsætrin og Svartdalsætrin i Lesja kommune. NINA Rapport 1188. 25 s.+ vedlegg

I samband med ivaretaking av naturbeitemark inngår biologisk kartlegging for å ha oversyn over utvikling og trong for skjøtsel. Områda vart kartlagt fyrste gong i 1996 og 2007. Setrane i Lesja er elles skildra i Einbu og Kjelland (1988). På grunn av ein kald og fuktig forsommar var blomstringa i 2015 relativt sein, slik at tidspunktet for feltkartlegginga av karplanter, 11.-12. august, var etter måten gunstig. Artslister for karplanter for kvart område vart utarbeidd på grunnlag av funne artar. Områda som vart kartlagt består av naturbeitemark med vekslende grad av attgroing, men betydelege areal er halde i hevd grunna kontinuerleg beiting frå husdyr over lang tid. Naturbeitemarka er heilt avhengig av tradisjonell husdyrbeiting for å bli halde i hevd frametter. Der det er mest attgroing tilrår vi noko rydding av einer og bjørk, slik kan ein ta vare på mest mogleg av det opphavelege preget på seternær naturbeitemark.

Per Jordhøy, Norsk institutt for naturforskning, 7485 Trondheim. per.jordhoy@nina.no

# Innhald

<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>4</b>
<b>Føreord</b> .....	<b>5</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>6</b>
<b>2 Oppdrag og kunnskapsstatus</b> .....	<b>7</b>
<b>3 Metodar</b> .....	<b>9</b>
<b>4 Resultat</b> .....	<b>10</b>
4.1 Nedre Reindøl (ID: BN00068616) .....	10
4.2 Reindølsætrin (ID: BN00068615 F 250).....	14
4.3 Svartdalsætrin (ID: BN00081031) .....	16
4.4 Svartdalsætrin (ID: BN00068614 F 206 og F 243). .....	19
4.5 Synfaring av vegetasjon ikring sti mellom Svartdalsætrin og Nedre Reindøl .....	22
<b>5 Oppdatering av eksisterande område</b> .....	<b>23</b>
<b>6 Tiltråding</b> .....	<b>24</b>
<b>7 Referansar</b> .....	<b>25</b>
<b>8 Vedlegg: Artslister</b> .....	<b>26</b>

## Føreord

Etter ein anbodskonkurranse våren 2015 fekk NINA i oppdrag å utføre kartlegging av biologisk mangfald ved setergrendene Nedre Reindøl, Reindølsætrin og Svartdalsætrin i Lesja kommune. Arbeidet er utført av personell ved NINA sine avdelingar i Oslo og Trondheim, som har generell og lokal kunnskap om naturverdiane i området. Vi takkar Lesja kommune for bakgrunnsopplysningar og eit godt samarbeid. Takk også til planteøkolog Heidi Myklebost, NINA, for gode råd og rettleiing, og til Monica Ruano, NINA, for kartarbeid.

Trondheim 20.10.2015

Per Jordhøy  
Prosjektleder

# 1 Innleiing

I samband med ivaretaking av naturbeitemark inngår biologisk kartlegging for å ha oversyn over utvikling og trong for skjøtsel. Etter oppdrag frå Lesja kommune har NINA i august 2015 utført biologisk kartlegging i og ved setergrendene Nedre Reindøl og Reindølsætrin, samt Svartdalsætrin på Dalsida i Lesja kommune, Oppland fylke.



Kyr på beite ved Svartdalsætrin



## 2 Oppdrag og kunnskapsstatus


Oppdraget omfattar kartlegging av biologisk mangfald i fire område ved setergrendene Nedre Reindøl, Reindølsætrin og Svartdalsætrin i Lesja kommune:

Lokalitet	ID	Naturtype	Verdi	Areal
Nedre Reindøl	BN00068616	Naturbeitemark	Viktig	4,2 daa
Svartdalsætrin	BN00068614	Naturbeitemark	Viktig	5,1 daa
Svartdalsætrin	BN00081031	Naturbeitemark	Viktig	10 daa
Reindølsætrin	BN00068615	Naturbeitemark	Viktig	2,6 daa

Dei kartlagte områda omfattar gamle setervollar som inngår i naturtypen *naturbeitemark*. Dette er grasmark med langvarig hevd i form av husdyrbeite, og liten grad av gjødsling og jordbearbeiding. Naturtypen finst i heile landet og i mange ulike utformingar. Den har eit høgt mangfald av karplantar, sopp og virvellause dyr. Utnyttinga av utmark til husdyrbeite var mykje vanlegare for 50-60 år sidan og naturbeitemark er ein naturtype i sterk attendegang. Naturbeitemark er ein viktig naturtype, og levestad for mange raudlisteartar.

Naturbeitemark inngår i Naturtypar i Norge (NiN 1.0) i kulturmarkseng. Denne hovudtypen er delt inn i 13 grunntypar, og 22 undertypar etter engflate/engkant, kalkinnhald, vassmetting og hevdform. I beitemark finst vanlegvis fleire næringskrevjande artar på grunn av dyra si gjødsling, og tråkkplanter er vanlig. Naturbeitemark er gjerne meir tuete og steinut enn slåttemark. Innslag av busker, beitetolerante gras, samt giftige eller piggute artar er typisk (Bratli, 2010). Naturbeitemark inngår også i revidert Naturtypar i Norge (NiN 2.0) som semi-naturleg eng. Denne omfattar engprega, opne eller tresette økosystem som er forma gjennom beite og slått, eller en kombinasjon av desse, og brukt til jordbruksproduksjon gjennom lang tid.

Områda vart kartlagt fyrste gong i 1996 (Gaarder og Jordal 1996) og 2007 (Hansen, l. unpubl.). Larsen (2010) kartla område ved Svartdalsætrin i 2009. Setrane og deira historie er elles skildra i Einbu og Kjelland (1988).



Oversyn over lokaliseringa til dei kartlagte områda med respektive ID-nr.

### 3 Metodar

For kartlegging av naturtypar er DN-håndbok 13 (DN 2007) med reviderte faktaark for 2013 nytta. I tillegg er det gjeve ei skildring av vegetasjonstypar med karakteristiske og dominerande artar i dei ulike områda. Elles er Halvorsen mfl. (2009, 2011) , Fremstad (1997) og Fremstad & Moen (2001) nytta.

#### Planteartar (hovudsakeleg karplanter)

Det vart gjort inventering av karplanter i områda ved Nedre Reindøl og Reindølsætrin den 11. august og ved Svartdalsætrin den 12. august. På grunn av ein kald og fuktig forsommar var blomstringa relativt sein, slik at tidspunktet for feltkartlegginga av karplanter var etter måten gunstig.

Artslister for karplanter for kvart område er utarbeidd på grunnlag av funne artar (Vedlegg 1).



Skogstorkenebb (*Geranium sylvaticum*).

## 4 Resultat

### 4.1 Nedre Reindøl (ID: BN00068616).

Gamal slåttemark. Området omfattar to seterkveer som truleg vart nytta frå 1931, da setrene vart bygd. På den nordlege kvea vart det hausta 4-5 hestelass med høy årleg fram til og med 1955. Setra her (tilhøyrande garden Farmheim) var i drift til 1963 (Einbu og Kjelland 1988). Dei siste 25 åra har området vore jamt beita av storfe og sau.

Området er tidlegare kartlagt 8.7.2007 (Hansen 2007), og hadde da verdigrunngevinga «svært godt nedbeita, noe attgroing med einer, velutviklet naturbeitemark (tørrengvegetasjon) over hele området..». Verdi: Viktig. Påverknad: Godt nedbeita.

Kartlagt område i 2015 utgjer typisk naturbeitemark, med utforminga frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggjande strok (D0408). Nær tradisjonell og forventa artssamansetjing; Engkveineng og aurikkelsvevebakke er framherskande. Kortvakse og tørt. Dels ganske mykje lav i feltsjiktet: Ljos reinlav, islandslav og bikkjenever. Tørrbakkevegetasjon utgjer ein stor del av området. Heilt i vestkanten ned for dei øvste seterhusa er det fuktengpreg. Det fins dels forfalne seterbygningar innan området. Fire gamle furutre. Så vidt litt attgroing av einer og småbjørk, særleg ut mot kantane av området. God hevd.

Området er i god hevd.

Det vart funne 72 artar karplanter (sjå vedlegg). Dei mest interessante artane er bakkesøte (*Gentianella campestris*), marinøkkel (*Botrychium lunaria*) og mogop (*Pulsatilla vernalis*).



WMS Norge i bilder

*Nordorientert satellittfoto med avgrensning av kartlagt område på Nedre Reindøl (ID: BN00068616). Området er typisk naturbeitemark, med utforminga frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggjande strok (D0408).*



*Tørrbakke i midtre/øvre delen i området ved Nedre Reindøl.*



*Tørrbakke sør i området ved Nedre Reindøl.*



*Tørrbakke med innslag av prestekrage (*Leucanthemum vulgare*) heilt nord i området ved Nedre Reindøl.*



*Fukteng i vestkanten av området ved Nedre Reindøl.*

## 4.2 Reindølsætrin (ID: BN00068615 F 250).

Gamal slåttemark. Det kartlagte området ligg på seterkvea til garden Hovauk i Lesja. Dette er ei av dei eldste setrene her og er nemnt i matrikkelen allereie i 1668. I 1866 slo eigaren 3800 kg seterhøy her (14 vinterlass). Fram til 1947 vart det hausta høy her (Einbu og Kjelland 1988). Dei siste 25 åra har området hovudsakeleg vore beita av sau.

Området er tidlegare kartlagt 8.7.2007 (ref), og hadde da verdigrunngevinga «artsrikt delområde i gammel seterkve, gammel slåttemark med fortsatt jamt utviklet feltsjikt..». Verdi: Viktig. Påverknad: Godt nedbeita.

Kartlagt område i 2015 har grasrik naturbeitemark, med utforminga frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggjande strok (D0408), med nær tradisjonell og forventa artssamansetjing. Tørrbakkevegetasjon øvst og nedst i området; frisk engkvein-gulakseng i den sentrale delen. Noko einerkratt i den øvste delen. Fuktmark med trådsiv. Mykje bjørnemose i botnsjiktet. Nedre del av beitemarka (tidlegare natureng) var dominert av sølvbunke. Nedst på enga er det ein fin tørrbakke med mellom anna marinøkkel (*Botrychium lunaria*) og smalfrøstjerne (*Thalictrum simplex*). 76 karplanteartar vart funne (sjå vedlegg). God hevd.

Dei mest interessante artane er fjellstarr (*Carex norvegica*), hårstarr (*Carex capillaris*), marinøkkel (*Botrychium lunaria*), nyresoleie (*Ranunculus auricomus*), smalfrøstjerne (*Thalictrum simplex*) og trillingsiv (*Juncus triglumis*).



WMS Norge i bilder

Nordorientert satellittfoto med avgrensing av kartlagt område ved Reindølsætrin (ID: BN00068615). Området er typisk naturbeitemark, med utforminga frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggjande strok (D0408).





*Naturbeitemark med avvekslande tørrbakker til halvfuktig engkarakter på Reindølsætrin.*



*Tørrbakke på Reindølsætrin med rikt innslag av augnetrøst (*Euphrasia* spp.) og noko blåklokke (*Campanula rotundifolia*). Botanikar Anders Often formidlar plantekunnskap til lokale brukarar (Ottar Berg og Reidun Selsjord).*

### 4.3 Svartdalsætrin (ID: BN00081031)

Gamal slåtte-mark. Setrene her vart truleg bygd fyrst på 1700-talet og seter-kveene vart da rydda og teke i bruk til grasproduksjon. Seterslåtten/høyet vart køyrd til bygds. Buskapen; kyr og geiter, beita i utmarksområda ikring setrene (Einbu og Kjelland 1988). Dei siste 25 åra har området vore jamt beita av storfe og sau.

Området er tidlegare kartlagt 6.7.2009, og hadde da verdigrunn-gjevinga «små areal med ugjød-slet naturbeitemark som ligger innimellom meir intensivt drevne områder. Forekomst av to rød-listearter og noe areal med en sterkt truet vegetasjonstype..». Artsmangfald: «Forholdsvi-artsrike enger..». Verdi: Viktig. Tilstand: God hevd.

Kartlagt område i 2015 inneheld naturbeitemark, med utforminga frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggjande strok (D0408) av noko rikare karakter. Artsrikt område. Sørvestvendt tørrbakke, med store gamle furutre og spreidd oppslag av bjørk. Mykje einer og svært steinut, med flekkar som truleg aldri har vore pløgd. Noko frisk, steinut og beita tørrbakke (UTM: 32V0501905.6889772). Rimeleg god hevd.

95 karplanteartar vart funne (sjå vedlegg). Dei mest interessante artane er marinøkkel (*Botrychium lunaria*) og bakkesøte (*Gentianella campestris*).



WMS Norge i bilder

Nordorientert satellittfoto med avgrensing av kartlagt område på Svartdalsætrin (ID: BN00081031). Området er typisk naturbeitemark, med utforminga frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggjande strok (D0408).



*Steinrik halvfuktig eng i den nedre delen av Svartdalsætrin (ID: BN00081031). Noko attgroing med einer.*



*Skråning med naturbeitemark ved Svartdalsætrin (ID: BN00081031) i den midtre delen. Noko attgroing med einer.*



*Naturbeitemark ved Svartdalsætrin (ID: BN00081031) i den øvre delen. Det er betydeleg attgroing med einer og bjørk.*

#### 4.4 Svartdalsætrin (ID: BN00068614 F 206 og F 243).

Ei av setrene i dette området (Oppigard Bottheim) vart truleg bygd fyrst på 1700-talet og seter-kveene vart da rydda og teke i bruk. I 1866 slo brukaren om lag 2900 kg/11 vinterlass høy for heimkøyring. Dette heldt fram til ikring 1960. Buskapen; kyr og geiter, beita i utmarksområda ikring setrene. Dei siste 25 åra har området vore jamt beita av storfe og sau.

Området er tidlegare kartlagt 8.7.2007 (Hansen 2007), og hadde da verdigrunngevinga «delom-råder med mange kulturspor og artsrik naturvegetasjon med karakteristiske arter..». Verdi: Viktig. Påverknad: «Tydelig gjengroing med einer og bjørk, men fortsatt artsrik og velutviklet naturvege-tasjon..». Tilstand: God hevd.

Kartlagt område i 2015 består av naturbeitemark, med utforminga frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggjande strok (D0408) med innslag av rasmark på den sørlege delen (UTM: 32V0501919.889684). Hovudintrykk; steinut, urterikt beite. Betydeleg attgroing med bjørk og einer, særleg i den søre delen. God hevd.

Høvesvis 71 og 64 karplantearter vart funne på dei to områda (sjå vedlegg).



WMS Norge i bilder

*Nordorientert satellittfoto med avgrensing av kartlagt område på Svartdalsætrin (ID: BN00068614). F 243 øvst og F 206 nedst i bildet. Områda er typisk naturbeitemark, med ut-forminga frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggjande strok (D0408).*



*Steinrik beitemark ved Svartdalsætrin (ID: BN00068614) i den øvre og nordlege delen.*



*Steinrik rasmark ved Svartdalsætrin (ID: BN00068614) i den sørlege delen, med innslag av tyrihjel (Aconitum septentrionale), raudkløver (Trifolium pratense) og prestekrage (Leucanthemum vulgare).*



*Formidling av botanikkunnskap i beitelandskapet (ID: BN00068614) til setereigarar på Svartdalsætrin (Ola Aukrust Berg og Mette Øverli).*

## 4.5 Synfaring av vegetasjon ikring sti mellom Svartdalsætrin og Nedre Reindøl

Stien vart synfart den 11. august, tur-retur. Det vart ikkje funne planteartar eller plantesamfunn av særskilt botanisk interesse i området. Det er mykje eutrof bjørkeskog langs stien. På eitt punkt (UTM: 0501317.6889684) voks 4 individ bakkesøte (*Gentianella campestris*), aurikkelsveve (*Hieracium lactucella*) og fjellaugnetrøst (*Euphrasia wettsteinii*). Vi vurderer ikkje punktet å ha særskilt verdi i botanisk samanheng.



*Gras- og lyngrik botnvegetasjon med bjørk og noko furu ikring pregar store delar av vegetasjonsbildet ikring stien mellom Nedre Reindøl og Svartdalsætrin.*



---

## 5 Oppdatering av eksisterande område

**Svartdalsætrin** (ID: BN00068614) F 206 og F 243 ligg inne i naturbasen frå før som naturbeitemark (D04) med utforminga D0408: «Frisk/tørr, middels baserik eng i høyereliggende strøk». Vi har ut ifrå våre data gjeve områda same status. Nye artslistar er utarbeidd i 2015.

**Svartdalsætrin** (ID: BN00081031) ligg inne i naturbasen frå før som naturbeitemark (D04 med utforminga D0405: Finnskjeggeng og fattig sauesvingeleng. Vi har ut frå våre data vurdert området under eitt til å høve betre med utforminga D0408, «frisk/tørr, middels baserik eng i høyereliggende strøk». Nye artslistar er utarbeidd i 2015.

**Reindølsætrin** (ID: BN00068615) F 250 ligg inne i naturbasen frå før som naturbeitemark (D04) med utforminga D0408: «Frisk/tørr, middels baserik eng i høyereliggende strøk». Vi har ut ifrå våre data gjeve områda same status. Nye artslistar er utarbeidd i 2015.

**Nedre Reindøl** (ID: BN00068616) ligg inne i naturbasen frå før som naturbeitemark (D04) med utforminga D0408: «Frisk/tørr, middels baserik eng i høyereliggende strøk». Vi har ut ifrå våre data gjeve områda same status. Nye artslistar er utarbeidd i 2015.

## 6 Tilråding

### Generelt

Det er viktig at noverande hevd held fram. Ein reduksjon av beite og fråvær av beite vi kunne favorisera høgtveksande artar og lågtveksande artar går da attende. Etter kvart får ein da inn meir buskar og tre.

### **Nedre Reindøl** (ID: BN00068616)

Mykje fin og open naturbeitemark som blir halde i hevd ved noverande beiting. Det er viktig at dette beitetrykket held fram med omsyn til framtidig hevd. Kan med fordel rydda noko einer for å styrke arealet med naturbeitemark enda meir.

### **Reindølsætrin** (ID: BN00068615, F 250)

Open naturbeitemark som blir halde i hevd ved noverande beiting. Det er viktig at dette beitetrykket held fram med omsyn til framtidig hevd.

### **Svartdalsætrin** (ID: BN00068614, F 206 og F 243).

Naturbeitemark. Ein del attgroing særleg på den søre delen. Det kan med fordel ryddast noko einer og bjørk her for å styrke naturbeitemarka. Det er viktig at noverande beitetrykk held fram med omsyn til framtidig hevd.

### **Svartdalsætrin** (ID: BN00081031)

Naturbeitemark. Betydeleg attgroing med einer og bjørk med unntak av den sentrale delen der det er meir open naturbeitemark. Det kan med fordel ryddast noko einer og bjørk i aktuelle delar av området for å styrke naturbeitemarka. Det er viktig at noverande beitetrykk held fram med omsyn til framtidig hevd.

## 7 Referansar

- Bratli, H. 2010. Naturbeitemark. NINA faktaark.
- DN 2007. Kartlegging av naturtyper – verdsetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13. 2. utgave 2006 (oppdatert 2007). 189s. + vedlegg.
- Einbu, P. & Kjelland, A. 1988. Setrane i Lesja. A. Kjellands forlag A.S. Lesja. 256 s.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12: 1-279.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - Rapport botanisk serie 2001-4: 1-231.
- Gaarder, G. & Jordal, J. B. 1996. Botaniske undersøkelser av kulturlandskap i Grimsdalen, Dovre, Dalsida i Lesja, Fryadalen i Nord-Fron, og av barskog i Formolia og Uladalen i Sel, Oppland fylke. Miljøfaglig Utredning Rapport 1996-13: 1-78.
- Halvorsen, R., Andersen, T., Blom, H.H., Elvebakk, A., Elven, R., Erikstad, L., Gaarder, G., Moen, A., Mortensen, P.B., Norderhaug, A., Nygaard, K., Thorsnes, T. & Ødegaard, F. 2009. Naturtyper i Norge – Teoretisk grunnlag, prinsipper for inndeling og definisjoner. Naturtyper i Norge versjon 1.0 Artikkel 1: 1-210.
- Halvorsen, R., Mazzoni, S., Bratli, H., Engan, G., Fjeldstad, H., Gaarder, G., Larsen, B.H. & Nordbaken, J.-F. 2011. Utprøving av NiN versjon 1.0 som naturtypekartleggingssystem. I: Halvorsen, R. (red.). Faglig grunnlag for naturtypeovervåking i Norge - Grunnlagsundersøkelser. - NatHist. Mus. Univ. Oslo Rapp. 11: 11-98.
- Hansen, I. 2007. Feltundersøkelser. Upubl.
- Larsen, B.H. 2010. Kvalitetssikring og nykartlegging av naturtyper i Lesja kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2010:32. ISBN 978-82-8138-425-5.

## 8 Vedlegg: Artslister

### Nedre Reindøl

**Id:** BN00068616

**Registrert:** 11.08.2015 v/ Per Jordhøy og Anders Often

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** D0408: «Frisk/tørr, middels baserik eng i høyereliggende strøk».

Engkveineng. Aurikkelsveve-bakke. Kortvakse og tørt. Forfalne seterbygningar. Fire gamle furutre. Dels ganske mykje lav i feltsjiktet: Ljos reinlav, islandslav og bikkjenever. Så vidt litt attgroing av einer og småbjørk. Det vart funne 72 artar. Dei mest interessante artane er utheva.

#### Artsliste:

Aurikkelsveve	Glattveronika	Seterfrytle
<b>Bakkesøte</b> (to individ)	Gullris	Setergråurt
Beitesveve	Harerug	Setersmåarve
Bleikstarr	Kvitbladtistel	Setersyre
Blokkebær	Kvitkløver	Skamarikåpe
Blåkklokke	Høymole	Skogstjerne
Bråtestarr	Hårfrytle	Skogstorkenebb
Dunbjørk	Karve	Småengcall
Dvergbjørk	Kjertelaugnetrøst	Smårapp
Einer	Krypsoleie	Småsyre
Enghumleblom	Kvitmaure	Stemorsblom
Engkvein	Legeveronika	Stornesle
Engreverumpe	<b>Marinøkkel</b> (eitt individ)	Sumpmaure
Engsoleie	Markjordbær	Sølvbunke
Engsyre	Markrapp	Tepperot
Finnskjegg	<b>Mogop</b> (få individ)	Tunarve
Fjellgulaks	Nyseryllik	Tunbalderbrå
Fjellkrekling	Prestekrage	Tungras (fjelltype)
Fjellmarikåpe	Ryllik	Tunrapp
Fjellrapp	Raud jonsokblom	Tyttebær
Fjelltimotei	Raudkløver	Ugrasarve
Flekkmure	Raudsvingel	Ugrasgroblad
Furu (derav fire gamle)	Røsslyng	Ugrasløvetann
Følblom	Sauesvingel	Vassarve

## Reindølsætrin

**Id:** BN00068615 F 250 **Registrert:** 11.08.2015 v/Per Jordhøy & Anders Often

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** D0408: «Frisk/tørr, middels baserik eng i høyereliggende strøk».

Frisk engkvein-gulakseng. Noko einerkratt. Fuktmark med trådsiv. Mykje bjørnemose i botnsjiktet. Nedre del av beitemarka/tidlegare natureng var dominert av sølvbunke. Nedst på enga ein fin tørrbakke med mellom anna marinøkkel og smalfrostjerne. 76 karplanteartar vart funne. Dei mest interessante artane er utheva.

### Artsliste:

Beitemarikåpe	Flekkmure	Seterstarr
Bekkeblom	Frynsestarr	Skarmarikåpe
Bekkekarse	Følblom	Skogstjerne
Bleikstarr	Gaukesyre	Slirestarr
Blokkebær	Glattveronika	Slåttestarr
Blåbær	Grasstjerneblom	<b>Smalfrostjerne</b> (3 skot)
Blåklokke	Grønvier	Smyle
Blåkoll	Gulstarr	Smårapp
Duskull	Harerug	Småsyre
Dvergjamne	Kvitkløver	Stjernesildre
Einer	Kvitmaure	Stjernestarr
Enghumbleblom	<b>Hårstarr</b>	Stornesle
Engkvein	Kildeurt	Sølvbunke
Engsyre	Kjertelaugnetrøst	Tepperot
Finnskjegg	Krypsoleie	Tettegras
Fjellbakkestjerne	Legeveronika	<b>Trillingsiv</b>
Fjellfiol	<b>Marinøkkel</b> (ca. 15 individ)	Trådsiv
Fjellfrøstjerne	<b>Nyresoleie</b>	
Fjellgulaks	Ryllik	Tyrihjelm
Fjellminneblom	Raud jonsokblom	Ugrasarve
Fjellrapp	Raudkløver	Ugrasløvetann
Fjellraudsvingel	Sauvingel	Ullarve
<b>Fjellstarr</b>	Setergråurt	Vegraudsvingel
Fjelltimotei	Setermjølke	Vårpengeurt
Fjellveronika	Seterrapp	Åkersnelle

## Svardalsætrin – 1

**Id:** BN00081031

**Registrert:** 12.08.2015 v / Per Jordhøy & Anders Often

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** D0408: «Frisk/tørr, middels baserik eng i høyereliggende strøk».

Sørvestvendt tørrbakke, med store gamle furutre. Spreidd bjørk og mykje einer. Svært steinut. Flekker som truleg aldri har vore pløgd. Noko frisk steinut beita tørrbakke (UTM: 0501905,6889772). 95 karplanteartar vart funne. Dei mest interessante artane er utheva.

### Artsliste:

Aurikkelsveve	Gaukesyre	Røsslyng
<b>Bakkesøte</b> (3 + 3 ind.)	Glattmarikåpe	Sauvingel
Dvergjamne	Glattveronika	Seterarve
Bleikstarr	Grasstjerneblom	Seterfrytle
Blokkebær	<b>Grønstarr</b>	Setergråurt
Blåbær	Gulsildre	Setermjølke
Blåklokke	Gulstarr	Seterrapp
Blåkoll	Harerug	Seterstarr
Blålyng	Hundekjeks	Setersyre
Bråtestarr	Kvitbladtistel	Skarmarikåpe
Dunbjørk	Kvitmaure	Skogarve
Dunhavre	Hårfrytle	Skogstjerne
Duskmyrull	Hårstarr	Skogstorkenebb
Dvergjamne	Jåblom	Slirestarr
Einer	Kattefot	Slåttestarr
Enghumleblom	Kildeurt	Småengkall
Engkvein	Kornstarr	Småsyre
Finnskjegg	Krypsoleie	Stivstarr
Fjellfiol	Legeveronika	Stjernesildre
Fjellfrøstjerne	Linnea	Stjernerstarr
Fjellgulaks	Lundrapp	Stornesle
Fjellkrekling	Maiblom	Sumpmaure
Fjellmarikåpe	<b>Marinøkkel</b>	Svarttopp
Fjellnøkleblom	Mjølbbær	Sølvbunke
Fjellrapp	Myrfiol	Tepperot
Fjellstjerneblom	Myrmjølke	Trillingsiv
Fjelltimotei	Myrsaulauk	Trådsiv
Fjellaugnetrøst	Myrtevier	Tyttebær
Flekkmure	Nikkevintergrøn	Ugrasarve
Fugletelg	Perlevintergrøn	Ugrasløvetann
Furu	Raudkløver	Åkersnelle (muligens fjelltype)
Følblom (fjelltype)	Raudsvingel	

## Svardalsætrin – 2

**Id:** BN00068614 F 243 og F 206

**Registrert:** 12.08.2015 v / Per Jordhøy & Anders Often

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** D0408: «Frisk/tørr, middels baserik eng i høyereliggende strøk».

F 243 Steinut urterikt beite. 71 karplanteartar vart funne.

### Artsliste:

Aurikkelsveve

**Bakkesøte** (5 ind., lengst oppe)

Beitemarikåpe

Beitesveve

Bleikstarr

Blokkebær

Blokkebær

Blåbær

Blåklokke

Blålyng

Brudespore (i skogen rett ved)

Dvergjamne

Engfiol

Engkvein

Engrapp

Engsmelle

Engsoleie

Engsyre

Engsyre

Finnskjegg

Fjellfiol

Fjellgulaks

Fjellkrekling

Fjellminneblom

Fjellrapp

Fjellstjerneblom

Fjelltimotei

Fjelltistel

Fjelløvetann

Fugleteig

Gaukesyre

Gran

Grasstjerneblom

Gullris

Harerug

Hundekjeks

Kvitkløver

Høymole

Karve

Legeveronika

Linnea

**Marinøkkel** (2 ind.)

Musøyre

Nyseryllik

Perlevintergrøn

Prestekrage

Rogn

Ryllik

Raud jonsokblom

Raudkløver

Seterfrytle

Setergåurt

Seterrapp

Setersyre

Skamarikåpe

Skogstjerne

Skogstorkenebb

Smyle

Småengcall

Småmarimjelle

Småsyre

Stivstarr

Stormarimjelle

Stornesle

Sumpmaure

Sølvbunke

Trefingerurt

Tyrihjem

Tyttebær

Ugrasarve

Vårpengeurt

F 206 Rett ned for raset. Steinut, urterikt beite. For ein stor del på rasjord (UTM: 0501919.889684). 64 karplanteartar vart funne. Dei mest interessante artane er utheva.

**Artsliste:**

Aurikkelsveve  
Beitemarikåpe  
Beitesveve  
Bleikvier  
Blokkebær  
Blåbær  
Blåkoll  
Blåklokke  
Dunbjørk  
Dunhavre  
Dvergjamne  
Einer  
Engfiol  
Engkvein  
Engsmelle  
Engsoleie  
Engsyre  
Finnskjegg  
Fjellfiol  
Fjellminneblom  
Fjellgulaks

Fjellmarikåpe  
Fjellrapp  
Fjelltimotei  
Fjellaugnetrøst  
Fuglevikke  
Følblom  
Gullris  
Grasstjerneblom  
Grønkurle  
Grønvier  
Harerug  
Hengeving  
Kvitkløver  
Karve  
Kildemarikåpe  
Kvastsveve  
Legeveronika  
**Marinøkkel** (3 ind.)  
Perlevintergrøn  
Prestekrage  
Ryllik

Raud jonsokblom  
Raudkløver  
Sauesvingel  
Setergråurt  
Setersyre  
Setervier  
Skamarikåpe  
Skogstjerne  
Skogstorkenebb  
Smyle  
Småengkall  
Stemorsblom  
Stornesle  
Sølvbunke  
Sølvvier  
Tettegras  
Tiriltunge (fjelltype)  
Tunrapp  
Tyrihjel  
Ugrasløvetann  
Vårpengeurt  
Åkersnelle







*Norsk institutt for naturforskning (NINA) er et nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter innen naturforskning. Vår kompetanse utøves gjennom forskning, utredningsarbeid, overvåking og konsekvensutredninger.*

*NINAs primære aktivitet er å drive anvendt forskning. Stikkord for forskningen er kvalitet og relevans, samarbeid med andre institusjoner, tverrfaglighet og økosystemtilnærming. Offentlig forvaltning, næringsliv og industri samt Norges forskningsråd og EU er blant NINAs oppdragsgivere og finansieringskilder.*

*Virksomheten er hovedsakelig rettet mot forskning på natur og samfunn, og NINA leverer et bredt spekter av tjenester gjennom forskningsprosjekter, miljøovervåking, utredninger og rådgiving.*

ISSN:1504-3312  
ISBN: 978-82-426-2816-9

## Norsk institutt for naturforskning

NINA Hovedkontor

Postadresse: Postboks 5685 Sluppen, 7485 Trondheim

Besøks/leveringsadresse: Hogskoleringen 9, 7034 Trondheim

Telefon: 73 80 14 00, Telefaks: 73 80 14 01

E-post: [firmapost@nina.no](mailto:firmapost@nina.no)

Organisasjonsnummer 9500 37 687

<http://www.nina.no>

Samarbeid og kunnskap for framtidens miljøløsninger